

Ruspolitisk handlingsplan

I samband med at det no vert utarbeidd ein ruspolitisk handlingsplan i Skodje kommune, vart det gjennomført ei kartlegging i 9. klasse. Ungdområdet vil leggje fram resultatata frå denne «ungdomsundersøkelsen» på eit arbeidsseminar **6. september**. Til dette seminaret ynskjer vi velkomne alle som arbeider med barn og ungdom i kommunen. Nærare invitasjon vert sendt ut i august.

Kommunalt sykkelritt

«Ta beina fatt» er namnet på årets sykle/gå til jobben-aksjon for kommunetilsette i Skodje. Den starta i april og vil verte avslutta 17. september. Målet er å setje fokus på verdien av kvardagsaktivitet, samstundes som vi slår eit slag for arbeidsmiljøet og miljøet! Laurdag 25. september vert det premieutdeling til den eininga som har vore den mest aktive. Same dag vert det også **kommunalt sykkelritt** for kommunetilsette i Skodje og i nabokommunane. Sykkelrittet vert arrangert i samband med Skodjedagane.

God sommar!



Skatteoppkrevjaren informerer

Skatteoppgjeret for 2009 vert sendt ut i desse dagar. Dette gjeld berre dei som er med på juniutlegget (PSA).

I Skodje kommune er det utlikna til saman 170 mill. kroner i skatt. Dette er ein svak nedgang i høve til 2008.

Til gode

19 millionar kroner skal utbetalast til 1 778 skattytarar. 23 av desse får tilbakebetalt over 50 000 kroner.

Beløp til gode vert utbetalt i veke 26.

Restskatt

338 skattytarar skal betale restskatt på til saman 2,6 mill. kroner. 3 av skattytarane må betale over 50 000 kroner.

Restskatt forfell til betaling 20. august 2010. Dersom restskatten er over 1 000 kroner, vert 1. termin å betale innan 20. august og 2. termin innan 24. september.

Betaling

Innbetalingsblankettar vert sendt ut i god tid før forfall. Det er likevel høve til å betale no.

Beløpet kan betalast til skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkto. 6345 06 15295. Betalinga skal ha eit KID-nummer. Lag KID-nummer på www.skatteetaten.no. Husk å velje 2009 som skatteår. Skatteoppkrevjaren kan òg gje KID-informasjon.

Informasjon og klage

Skattekontoret, tlf. 800 80000, kan svare på spørsmål som gjeld likninga.

Fristen for klage på likninga er 10. august.


Skatteoppkrevjaren kan svare på spørsmål som gjeld avrekninga.

Skattelister

Skattelistene vert lagt ut til hausten, i samband med det ordinære skatteoppgjeret, og vil då omfatte alle skattytarar.

Personlege skattytarar

Figuren syner korleis totalt utlikna restskatt for 2008 på kr 8,3 mill. er innbetalt sidan avrekning i fjor.



Rettidig

Betalt innan forfall.

Forseinka

Krav som er innbetalt etter forfall, men før tvangstiltak er sett i verk.

Tvangsinnfordra

Dette er krav som er betalt først etter at tvangstiltak er sett i verk, anten ved utpanting eller ved utleggstrekk i løn.

Aktiv restanse

Krav som framleis står ubetalt. Pr. 23.06.10 utgjer dette omlag kr 20 000,-.

Arbeidsgjevarar

Forskotstrekk 2009: 100 % er innbetalt.

Arbeidsgjevaravgift 2009: 99,9 % er betalt. Ubetalt beløp er krav i konkursbu, og kan ikkje krevjast inn.

Aksjeselskap

Det vart utlikna kr 2,5 mill. i restskatt for upersonlege skattytarar for 2008. Alt er betalt, men berre 27,3 % vart innbetalt til rett tid.

Biblioteket i sommar

Torsdag 24. juni er den siste opningsdagen i biblioteklokala på barneskulen.

I sommar skal vi pakke og gjere klart for flytting. Vi vonar å opne det nye biblioteket i Gomerhuset i september.

Det er mogleg å levere bøker og anna materiell sjølv om biblioteket er stengt. Bruk innleveringskassa på veggen ved inngangsdøra.

Biblioteket på Sjøholt er ope heile sommaren. Ein kan bruke same lånekortet på begge biblioteka.

Skuleruta 2010/2011

August:

Første skuledag: Torsdag 19.

Oktober:

Haustferie: Veke 40

Desember:

Siste skuledag før jul: Tysdag 21.

Januar:

Første skuledag: Tysdag 4.

Februar / mars:

Vinterferie: Veke 9

April:

Påskeferie: Månd. 18. – månd. 25.

Juni:

Elevfri dag: Fredag 3.

Siste skuledag: Tysdag 21.

Bråtebrenning

Det er forbode å brenne bråte i tidsrommet 15. april–15. oktober. Hugs brannfaren, og vis miljøansvar. Ta omsyn til naboar og andre.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 3. september. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 26. august.

Kulturveka 2010 – Arrangement på Gomerhuset

I samband med den offisielle opninga av Gomerhuset vert det arrangert Kulturveke 23.-31. oktober. Meir informasjon kjem i løpet av hausten.

Kulturveka 2010

Førebels program

- Laur 23.10. Offisiell opning. Konsert med ulike artistar frå fjern og nær.
- Søn 24.10. Idrettsaktivitetar med m.a. volleyballkampar og presentasjon av barneidrett. Konsert med m.a. Ålesund kammerkor.
- Mån 25.10. Kulturnistetilbod for 1.–7. trinn. Teaterdansekonserten «Svev». Det vert tre framsyningar, to på måndag og ei på tysdag, for at alle barneskuleelevar i kommunen skal få «prøve» kultursalen i Gomerhuset.
- Open dag: Alle som vil kan kome og sjå Gomerhuset i bruk. Fylkesbibl. kjem og set i gong lesegrupper. Framsyning i kultursalen; kulturskolen, skulekorpset, ungdomslaget og barnekoret Jubalo.
- Tys 26.10. Kulturnistetilbod for 1.–7. trinn. Teaterdansekonserten «Svev». «Jeg, Ole Bull» med Helge Jordal.
- Ons 27.10. Seniorekveld med kåseri, dans m.m.
- Tors 28.10. Inger Bakke med «Bårghild». Teater for eldstegruppa i barnehagane + 1.–4. trinn. MOT-arrangement.
- Fre 29.10. Konsert med kor og korps i kommunen.
- Laur 30.10. Arrangement med deltaking frå ulike delar av det lokale kulturlivet. Avslutning med dans.
- Søn 31.10. Arrangement i regi av Skodje sogelag. Harald Grytten deltek. Terje Årset fortel om Ivar Aasen og Stavset-samlinga.



Dette skjer

Invitasjon til

Kunst- og salsutstilling

25. og 26. september

i det nye Gomerhuset på Skodje

Interesserte utstillarar kan ta kontakt for informasjon og påmelding:

Kunst:	Siv Merete Torheim	tlf: 95260837
Salsmesse:	Else Karin Stenseth	tlf: 94364769
Hovudkomité:	Tove Nygård	tlf: 47314760

Arr: Skodje skulekorps



"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no